

Saksbehandlar: Sigrid Ølmheim, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/3284-1

Planprogram - Arealplan for Sogndal kommune 2022-2032

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:
Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Planprogram for arealplanen til Sogndal kommune 2022-2032 vert lagt ut på høyring slik det ligg føre, etter plan- og bygningslova § 11-13.

Vedlegg:

1. Planprogram – arealplan for Sogndal kommune 2022-2032
2. Prinsipp for arealplanen (Utdrag frå samfunnsplanen)

Andre relevante dokument i saka:

Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030, lagt ut til offentleg ettersyn 17.03.2021
Heilskapleg ROS-analyse for Sogndal kommune, vedteken 18.02.2021
Planstrategi for Sogndal kommune 2020-2023, vedteken 18.06.2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Gjeldande planstrategi for Sogndal kommune (2020-2023) prioriterer høgt å utarbeide ein samla arealplan for Sogndal kommune. I følgje plan- og bygningslova § 11-13 skal det utarbeidast eit planprogram for arealplanen. Planprogrammet skal fastsette rammene for planprosessen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Samfunnsplanen for Sogndal kommune gir føringar for både planprosessen og sjølv resultatet. Arealplanen skal vere grunnlaget for utbygging og samfunnsutvikling i tråd med samfunnsplanen, og prosessen skal byggje opp under verdiane våre samskapande, open, god og nysgjerrig og posisjonen vår *Utfordrarbygda*. Ambisjonane for framdrift og medverknad er derfor høge, samtidig som at planprosessen skal innehalde fleire større hovudaktivitetar.

Arealstrategi og temaplan for naturmangfald skal utarbeidast tidleg i prosessen for å konkretisere føringane frå samfunnsplanen og ligge til grunn for vurderingane av arealbruken. Me skal deretter kartlegge kva behov kommunen har for disponering av areal, og vurdere innspel frå medveknadsopplegga og gjeldande arealbruk opp mot føringane. Arealbruken skal til slutt konsekvensutgreiast og analyserast i ein ROS-analyse.

Planarbeidet vil organiserast som eit prosjekt etter PLP-metoden, og ha ei prosjektgruppe som består av tilsette i tenesteeiningane plan og forvaltning og samfunn og næring. Det er ikkje venta at ein får behov for eksterne ressursar eller nye tilsette. Kostnader av prosjektet vil bli dekkja innanfor gjeldande budsjetttramme.

4. Konklusjon

Planprogrammet skisserer eit planarbeid som vil gje ein forutsigbar prosess og god forankring av planen hjå interessegruppene. Planprogrammet legg opp til at arealplanen gir moglegheiter og set rammene for korleis me nyttar areala våre, og at han såleis vert eit viktig verktøy i arbeidet med å nå målsettingane våre frå samfunnsplanen.